



OPPTAKSKRITERIER FOR BREINSTRUKTØRKURS

Opptakskrava tilsvarar dei som står i NF-standarden. I tillegg er angitt kriterier for prioritering av søkarar som fyller minimumskrava.

Du skal fylle ut søknadsskjema og turdagbok. Desse skal sendast på mail til post@bre.no. Sidan medlemmene i opptakskomiteen bur på ulike stader er vi avhengig av å ha søknaden elektronisk. Kursbevis og annan dokumentasjon tek du med på kurset, eller sender inn når vi ber om det.

Opptakskrav til metodekurs, modul 1:

Brekurs eller tilsvarande bakgrunn.

Minimum to års erfaring frå alpine turar, inklusive ferdsel på bre. Erfaringa skal omfatte både sommar og vintersesong og ha et omfang på minst 20 døgn i høgfjellet og minst 10 døgn på bre, helst ulike breområder. Det er viktig at særleg erfaringa på bre er sjølvstendig, slik at ein har vore med på sikring og vegval undervegs.

Erfaring med overnatting ute både sommar og vinter.

Ved behov for prioritering av søkarar som fyller minimumskrava legg vi vekt på følgjande kunnskap og erfaring:

- generell fjell- og fjellsporterfaring, år og omfang vert vurdert
- kunnskap innan klatring, kurs og/ eller ruter ledet
- sikringskurs/ skredkurs/ førstehjelpskurs
- erfaring som leiar
- kjennskap til og erfaring frå Briksdalsbreen, Bødalsbreen og områder der Breoppleving har sine aktivitetar

Sjå elles Nasjonal Standard kapittel 8.1.2 (www.fjellsportforum.no)

Opptakskrav til veilederkurs, modul 2:

Gjennomført metodekurs på bre maks 3 år tidlegare.

Minimum 6 dagar som assistent på brekurs hos NF- godkjent arrangør.

Sjå elles Nasjonal Standard kapittel 8.3.2 (www.fjellsportforum.no)

All erfaring og tidlegare kurs skal kunne dokumenterast

For kurs i NF-regi nyttar vi loggbok slik NF-standarden krev.